

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING Fv79. PARSELL VIKEDAL - ÅLVIK KVAM HERAD

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert det varsla oppstart av detaljregulering for fylkesveg 79 frå Vikedal til der eksisterande gang- og sykkelveg startar i Ålvik.

Om planarbeidet

Planarbeidet har som føremål å legge til rette for gang- og sykkelveg på strekninga frå kryss med Fv 79 frå Vikedal – Ålvik. Gåande og syklande nyttar fylkesvegen som skuleveg, tilkomstveg til butikk, bustadområde, rekreasjon og kollektivhaldeplassar. Fylkesveg 79 er i trafikkisikringsplan for Kvam herad prioritert som strekning der det skal etablerast gang- og sykkelveg.

Området er i kommuneplanens arealdel sett av til samferdselsanlegg, framtidig gang- og sykkelveg, LNF-område, bustadområde og næring. Planområdet er ca. 140 daa. Det er ved varsel om oppstart av planarbeidet tatt med eit større område. Dette for å kunne vurdere to ulike trasear for gang- og sykkelvegen. Eit alternativ som går langs eksisterande veg og eit alternativ der ein trekker gang- og sykkelvegen forbi Statkraft og Elkem Bjølvo kraftverk sine eigendomar. Det er også sikra tilstrekkeleg areal til vurdering av trafikale løysingar, vegens sideareal og sikre mellombels rigg- og anleggsareal for gjennomføring av prosjektet. Det kan bli aktuelt å sanere eller legge om avkjørslar og kryss. Når planforslaget er utarbeidd vil ein redusere planområdet til å berre omfatte nausynt areal.

Det vil i løpet av planprosessen bli innkalla til eit ope bygdemøte for råka grunneigarar og andre interesserte. Her vil vi syne omfanget dei to alternativa vil ha på omkringliggande område. Skisser utarbeidd i forprosjektet er svært nyttige i diskusjon og drøftingar med administrasjonen/ prosjektgruppa, offentlege etatar og med private grunneigarar. Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Tiltakshavar er Kvam Herad og plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

For nærare informasjon og spørsmål kan dette rettast til:
ABO Plan & Arkitektur AS
v/ Arne Kristian Kolstad
Tlf: 95721101
e-post: post@abo-ark.no

Merknader til detaljreguleringa kan sendes skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur AS v/ Arne Kristian Kolstad
Postboks 291
5203 Os
e-post: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

På heimesida: www.abo-ark.no – under Nabovarsler – Reguleringsplaner/Høringer er det tilgang til digitale kartutsnitt og utlysingsteksten.

Frist for innspel og merknader

Frist for uttale til oppstart av planarbeidet er sett til **06.08.2021**.

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Kvam Herad. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS ivareta i samband med innsending av planforslaget.

Vidare planprosess

Etter at frist for uttalar er gått ut, vil planforslaget verta utarbeida og handsama i Kvam Herad. Etter 1. gongs handsaming vert planforslaget lagt ut på offentleg ettersyn. Det vil då verta høve til å fremje nye innspel og merknader til planforslaget. Etter at perioden med offentleg ettersyn er avslutta vil ein gå gjennom innkomne innspel og merknader og evt. justering av planforslaget vil bli vurdert før 2. gongs handsaming i Kvam Herad.

Med helsing

ABO Plan & Arkitektur AS

Vedlegg:

- Planavgrensing